



sparebanken
sogn og fjordane



Kvartalsrapport

1. kvartal 2022 (ikkje revidert)

Innhold

3	Hovudtal konsern
4	Kvartalsrapport 31.03.2022
9	Resultatregneskap konsern
10	Balanse konsern
11	Kontantstrømoppstilling konsern
12	Eigenkapitaloppstilling, konsern
14	Notar
31	Resultatregneskap morbank
32	Balanse morbank
33	Resultatregneskap konsern i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital
34	Kvartalsvis resultatutvikling konsern
35	Kvartalvis resultatutvikling konsern i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital
36	Kontaktinfo SSF

BILETE PÅ FRAMSIDA: Photoevent

GRAFISK UTFORMING: Sparebanken Sogn og Fjordane • E. Natvik Prenteverk AS

Hovudtal konsern

TAL I MILL. KR.

	31.03.22	31.03.21	31.12.21
RESULTATREKNESKAP			
Netto renteinntekter	257	229	945
Utbytte og verdiendring på finansielle instrument	29	14	173
Andre driftsinntekter	34	37	157
Driftskostnader	118	130	483
Resultat før nedskrivning (inkl. verdipapir)	203	149	791
Resultat før nedskrivning (ekskl. verdipapir)	174	136	618
Nedskrivning på utlån og garantiar	17	- 9	- 37
Resultat før skatt	186	159	827
Skatt	39	36	161
Resultat etter skatt	147	123	666
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0
Totalresultat	147	123	666
BALANSE			
Eigedelar			
Brutto utlån til og krav på kundar	58 183	55 118	57 651
Nedskrivning på utlån	- 324	- 336	- 307
Verdipapirplasseringar (aksjar, rentefond, sertifikat og obligasjonar)	7 885	8 078	7 368
Gjeld og eigenkapital			
Innskot frå og gjeld til kundar	33 226	30 828	32 536
Verdipapirgjeld og gjeld til kredittinstitusjonar	26 201	26 029	25 835
Eigenkapital	6 204	5 717	6 249
Forvaltningskapital	67 323	63 864	65 808
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	66 364	63 389	64 604
NØKKELTAL			
Lønsemd			
Rentenetto i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,57 %	1,46 %	1,46 %
Andre driftsinntekter (ekskl. innt. fin. instrument) i % av gj. sn. forv. kap.	0,21 %	0,23 %	0,24 %
Driftskostnader i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,71 %	0,82 %	0,75 %
Resultat før nedskrivning i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,22 %	0,94 %	1,22 %
Resultat før skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,12 %	1,00 %	1,28 %
Resultat etter skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,88 %	0,77 %	1,03 %
Totalresultat i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,88 %	0,77 %	1,03 %
Driftskostnader i % av driftsinnt. ekskl. innt. frå fin. instrument	40,36 %	48,82 %	43,87 %
Driftskostnader i % av driftsinnt. inkl. innt. frå fin. instrument	36,74 %	46,46 %	37,93 %
Nedskrivning i % av brutto utlån (resultatført)	0,03 %	- 0,02 %	- 0,06 %
Eigenkapitalavkastning før skatt 1)	12,60 %	11,81 %	15,38 %
Eigenkapitalavkastning etter skatt 1)	9,95 %	9,13 %	12,39 %
Eigenkapitalavkastning totalresultat 1)	9,95 %	9,13 %	12,39 %
Totalresultat konsern pr. eigenkapitalbevis i kr	6,59	5,51	29,91
Utbytte pr. eigenkapitalbevis i kr			9,00
1) EK avkastninga er rekna av inng. EK ekskl. hybridkapital			
Soliditet og likviditet			
Kapitaldekningsprosent	19,65 %	18,79 %	19,44 %
Kjernekapitalprosent	17,84 %	16,94 %	17,66 %
Rein kjernekapitalprosent	16,79 %	15,87 %	16,62 %
Uvekta kjernekapitalandel (Leverage ratio)	8,65 %	8,40 %	8,86 %
LCR (Likviditetsindikator)	162 %	176 %	140 %
Balanseutvikling			
Vekst i forvaltningskapital (12 mnd.)	5,42 %	8,53 %	5,02 %
Vekst i brutto utlån til kundar (12 mnd.)	5,56 %	6,62 %	5,04 %
Vekst i innskot frå kundar (12 mnd.)	7,78 %	7,19 %	6,10 %
Innskot i % av brutto utlån konsern	57,11 %	55,93 %	56,44 %
Innskot i % av brutto utlån morbank	99,70 %	95,29 %	94,84 %
Tilsette			
Årsverk	269	272	273

Kvartalsrapport 31.03.2022

Alle tal som er kommenterte gjeld for konsernet, om ikkje anna er oppgitt. Tal i parentes er tal for 1. kvartal 2021.

Hovudlinjer 1. kvartal 2022


- Netto renteinntekter 257 mill. kr (229 mill. kr)
- Resultat finansielle instrument 29 mill. kr (14 mill. kr)
- Driftskostnader 118 mill. kr (130 mill. kr)
- Tap på utlån 17 mill. kr (inntektsført 9 mill. kr)
- Resultat etter skatt 147 mill. kr (123 mill. kr)
- Eigenkapitalavkastning 10,0 % (9,1 %)
- Kapitaldekningsprosent 19,6 % (18,8 %)

Resultat 1. kvartal

Resultatet før skatt er på 186 mill. kr mot 159 mill. kr for same kvartal i fjor. Resultatframgangen skuldast fin vekst i netto renteinntekter og eit godt resultat frå finansielle instrument. Driftskostnadene er også redusert, samanlikna med 1. kvartal i fjor, og bidrar til resultatframgangen.

Resultatet etter skatt for 1. kvartal er på 147 mill. kr, mot 123 mill. kr for same kvartal i fjor. Resultatet for 1. kvartal i år gir ei eigenkapitalavkastning på 10,0 % mot 9,1 % for same periode i fjor.

Graf resultat etter skatt i mill. kr kvartalsvis:




Netto renteinntekter 1. kvartal

Netto renteinntekter er på 257 mill. kr og er 29 mill. kr, eller 12,6 % betre enn for same kvartal i fjor. Utlånsveksten dei siste 12 månadene er på 5,6 %, og innskota har auka med 7,8 %. Samla kundemargin for 1. kvartal er over marginen for 1. kvartal i fjor. God


vekst i innskot og utlån, og auka kundemargin har bidratt til fin vekst i netto renteinntekter. Fundingkostnadene for verdipapirgjelda er samtidig høgare enn for 1. kvartal i fjor, pga. oppgang i 3 mnd. Nibor, og dette har påverka rentenettoen negativt isolert sett. Banken har varsla renteoppgang for lån og innskot, som isolert vil betre rentenettoen frå neste kvartal. Samla effekt på netto renteinntekter er usikker, fordi det er venta at fundingkostnadene for verdipapirgjelda vil auke ytterlegare som konsekvens av høgare 3 mnd. Nibor.

Graf rentenetto i mill. kr kvartalsvis:



Grafen nedanfor, viser rentenettoen målt i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital. For 1. kvartal 2022 er rentenettoen på 1,57 %, opp 0,11 prosentpoeng frå 1. kvartal 2021. Det er også fin framgang i forhold til dei andre kvartala i 2021.

Graf rentenetto i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital i prosent:




Netto andre driftsinntekter 1. kvartal

Netto andre driftsinntekter for 1. kvartal er på 63 mill. kr, mot 51 mill. kr i 1. kvartal i fjor. Resultatauken skuldast primært eit godt resultatet frå finansielle instrument med 29 mill. kr, mot 14 mill. kr for 1. kvartal 2021. Resultatet for 1. kvartal 2022 kjem primært frå aksjeinvesteringar.

Andre inntekter, ekskl. resultat frå finansielle investeringar, er på 34 mill. kr og er 3 mill. kr lågare enn for 1. kvartal 2021. Nedgangen skuldast lågare inntekter frå mellom anna eidedomsmeikling. Samtidig er det er fin utvikling i inntekter frå til dømes fondssparing.

Graf andre inntekter og inntekter frå finansielle investeringar i mill. kr kvartalsvis:




Driftskostnader 1. kvartal

Driftskostnadene for 1. kvartal er på 118 mill. kr og er 12 mill. kr, eller 9,2 % lågare enn for 1. kvartal 2021.

Nedgangen skuldast i hovudsak lågare personal-kostnader. Det vart i 1. kvartal i fjor sett av 11 mill. kr til avtalt nedbemanning og dette forklarar det meste av nedgangen i kostnadene. Justert for dette er det ein reduksjon i driftskostnadene med 1 mill. kr eller 0,6 %.

Mange kostnadspostar er redusert som resultat av eit kostnadseffektiviseringsprosjekt. Mellom anna er det ein nedgang i IT-kostnader/-avskrivningar.


Graf driftskostnader i mill. kr kvartalsvis:



Driftskostnadene utgjer 0,71 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital mot 0,82 % for 1. kvartal i fjor.

Kostnadsprosenten, inkludert resultatet frå finansielle instrument, er relativt låg med 36,7 mot 46,5 for 1. kvartal 2021.


Graf kostnadsprosent kvartalsvis:



Nedskrivningar 1. kvartal

For 1. kvartal er tap på utlån og garantiar netto 17 mill. kr, mot ei netto inntektsføring på 9 mill. kr for 1. kvartal i fjor. Tapa for 1. kvartal i år utgjer 0,03 % av brutto utlån.

Graf resultatført nedskrivning i mill. kr kvartalsvis:



Samla balanseførte nedskrivningar på utlån, garantiar og unytta kredittar pr. 31.03.22 er 337 mill. kr mot 368 mill. kr pr. 31.03.21. Av nedskrivningane pr. 31.03.22, er 324 mill. kr relaterte til utlån. Dette utgjer 0,56 % av brutto utlån, mot 336 mill. kr og 0,61 % eitt år tidlegare.

For nærmare forklaring sjå note 5 og 6.


Balansen

Konsernet har ein forvaltningskapital på 67,3 mrd. kr pr. 31.03.22. Forvaltningskapitalen har auka med 3,5 mrd. kr, eller 5,4 %, dei siste 12 månadene. Auken i forvaltningskapitalen skuldast primært god vekst i utlån til kundar og høgare likviditetsreserve, i form av sertifikat og obligasjonar.

Utlån til kundar

Brutto utlån til kundar er på 58,2 mrd. kr. Veksten det siste året er på 3,1 mrd. kr eller 5,6 %.

Graf brutto utlån i mill. kr totalt og fordelt på sektorar:



Dei siste 12 månadene har utlån til privatmarknaden (PM) auka med 6,9 % og utlån til bedriftsmarknaden (BM) (inkl. utlån til offentlig og finansiell sektor) med 1,5 %.


Hittil i år er det ein utlånsvekst på 1,6 % til privatmarknaden, medan utlån til bedriftsmarknaden er redusert med 1,2 %.

Banken har ei offensiv satsing spesielt mot privatmarknaden og forventar god utlånsvekst i 2022.

Innskot

Innskot frå kundar er på 33,2 mrd. kr. Veksten dei siste 12 månadane er på 2,4 mrd. kr eller 7,8 %.

Graf innskot i mill. kr totalt og fordelt på sektorar:



Dei siste 12 månadene har innskot frå privatmarknaden auka med 6,9 % og innskot frå bedriftsmarknaden (inkl. offentlig og finansiell sektor) med 9,1 %.

Hittil i år er det ein innskotsvekst frå privatmarknaden med 1,9 % og 2,3 % frå bedriftsmarknaden.

Innskotsdekninga for konsernet er på 57,1 % mot 55,9 % pr. 31.03.21.

Kredittrisiko

Brutto lån og garantiar mv. i betalingsmisleghald, over 90 dagar, er på 145 mill. kr, og er redusert med 29 mill. kr i forhold til tala pr. 31.03.21.

Kredittrisikoen på privatmarknaden er vurdert som låg og stabil. Betalingsmisleghaldet er redusert dei siste 12 månadene. Utviklinga i makrosituasjonen med høgare renter, høg straumpris og høgare prisvekst, kan bidra til noko auke i betalingsproblema framover, men det er vår vurdering at banken sine kundar generelt har god betalingsevne.

Næringslivet i Sogn og Fjordane går bra og banken sin kredittrisiko på bedriftsmarknaden vert vurdert som moderat. Kostnadsauke og tilgang på viktige innsatsfaktorar gir likevel utfordringar for enkelte næringar/kundar. Betalingsmisleghaldet over 90 dagar for bedriftsmarknaden er redusert dei siste 12 månadene.

Andelen utlån til bedriftsmarknaden av samla utlån utgjer 24,0 % pr. 31.03.22, mot 25,0 % eitt år tidlegare. For både næringslivsporteføljen og utlån til privatmarknaden er andelen klassifisert som høgprisiko om lag uendra samanlikna med tal pr. 31.03.21.

Behovet for ansvarleg kapital knytt til kredittrisiko er på 2.472 mill. kr og har auka med 50 mill. kr eller 2,1 % frå 31.03.21.

Likviditet og finansiering

Banken har fokus på innskotsdekning, likviditetsreserve og forfallsstruktur på funding i styringa av likviditeten. Likviditetsreserven har auka med 0,1 mrd kr det siste året og er på 8,1 mrd. kr pr. 1. kvartal 2022. Likviditetsreserven er plassert i kortsiktige innskot i Norges Bank, i andre bankar og i fritt omsettelege obligasjonar/sertifikat. Likviditetsindikatoren (LCR) er på eit tilfredsstillande nivå med 162 %, mot 176 % eitt år tidlegare.

Banken nyttar bustadlån til å legge ut obligasjonar med førerrett (OMF) gjennom det heileigde dotterselskapet Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS.

Bustadkreditselskapet har pr. 31.03.22 OMF-innlån pålydande 20,9 mrd. kr ute i marknaden. Bustadkreditselskapet har ein samla sikringsmasse på 24,8 mrd. kr. Det er pr. 31.03.22 ei overdekning av sikringsmasse i selskapet på 3,9 mrd. kr.

Dotterselskap

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS er 100 % eigd av banken. Selskapet har pr. 31.03.22 samla utlån på 24,8 mrd. kr, og utlåna har auka med 9,2 % dei siste 12 månadene. Eigenkapitalen i selskapet er på 1,8 mrd. kr. Selskapet har eit resultat før skatt på 51 mill. kr, mot 54 mill. kr for 1. kvartal 2021. Resultatnedgangen skuldast primært at det i 1. kvartal i fjor var tilbakeført/inntektsført nedskriving på utlån.

Bankeigedom Sogn og Fjordane AS

Bankeigedom Sogn og Fjordane AS er eit 100 % eigd dotterselskap, og eig dei største bankbygga i konsernet. Resultatet før skatt er på 1,6 mill. kr, mot 1,3 mill. kr for 1.kvartal 2021.

Eigedomsmekling Sogn og Fjordane AS

Eigedomsmekling Sogn og Fjordane AS er 100 % eigd av banken. Driftsinntektene er på 5,2 mill. kr, og er redusert med 1,7 mill. i forhold til året før. Resultatet før skatt for 1. kvartal 2022 er negativt med 2,2 mill. kr, mot eit positivt resultat på 0,1 mill. kr for tilsvarende kvartal i fjor. Det er normalt med relativt låge inntekter i 1. kvartal pga. sesongsvingingar og inntektene for 1. kvartal i fjor var spesielt høge.

Soliditet og avkastning


Eigenkapitalen til konsernet pr. 31.03.22 er på 6,2 mrd. kr og har auka med 487 mill. kr eller 8,5 % samanlikna med tala pr. 31.03.21. Auken kjem frå resultatet, for det siste året, med frådrag av utbytte og gåver.

Konsernet har ei kapitaldekning pr. 31.03.22 på 19,65 % mot 18,79 % pr. 31.03.21. Rein kjernekapitaldekning er på 16,79 % mot 15,87 % pr. 31.03.21.

Inkludert resultatet pr. 31.03.22, og etter forholdsmessig frådrag av forventta utdeling av gåver og utbytte, er rein kapitaldekning estimert til 17,1 % pr. 31.03.22.

Resultatet etter skatt pr. 1. kvartal er på 147 mill. kr mot 123 mill. kr for 1. kvartal 2021. Dette gir ein eigenkapitalavkastning på 10,0 %, mot 9,1 % for 1. kvartal 2021. Sparebanken Sogn og Fjordane har over tid hatt ein tilfredsstillande eigenkapitalavkastning. Styret er nøgd med resultatet og avkastninga.

Graf resultat etter skatt i mill. kr og eigenkapitalavkastning i prosent pr. år:



Rating

Sparebanken Sogn og Fjordane har pr. 31.03.22 langsiktig rating A1 frå Moody's. OMF-programmet til Bustadkreditt Sogn og Fjordane har langsiktig rating Aaa.

Oppsummering

Resultatet etter skatt for 1. kvartal er på 147 mill. kr, mot 123 mill. kr for 1. kvartal i fjor. Resultatframgangen skuldast primært fin vekst i netto renteinntekter og eit godt resultat frå finansielle instrument. Driftskostnadene er også redusert og bidrar til resultatframgangen. EK avkastninga for kvartalet er på 10,0 %, mot 9,1 % for 1. kvartal 2021.

Tap på utlån og garantiar er høgare for 1. kvartal i år samanlikna med 1. kvartal i fjor. Tapa for 1. kvartal i år er ikkje spesielt høge, men i 1. kvartal i fjor var det tilbakeført/inntektsført tap slik at endringa frå i fjor blir relativt stor. I 2020 gjorde banken ekstra tapsavsetningar pga. usikkerheit knytt til koronapandemien og i 2021 vart deler av ekstra avsetningar tilbakeført, ettersom vi erfarte at dei fleste kundane til banken hadde klart seg relativt bra gjennom pandemien.

Utlånsveksten dei siste 12 månadene er på 5,6 %, og innskota har auka med 7,8 %. Det er god vekst i utlån til privatmarknaden og banken har ei offensiv satsing for å auke veksten ytterlegare. Netto rente-

inntekter er den viktigaste inntektskjelda til banken og viser fin utvikling med ein vekst på 12,6 %. Netto andre driftsinntekter viser også fin utvikling, med ein oppgang på 25 % frå same periode i fjor. Det skuldast eit godt resultat frå finansielle instrument og fin utvikling i mellom anna provisjon frå fondsparing. Reduksjon i driftskostnadene bidrar også til den positive resultatutviklinga. Kostnadsprosenten for 1. kvartal 2022 er på 36,7 mot 46,5 for same kvartal i 2021. Banken har hatt god effekt av eit kostnadsprosjekt, som vart etablert i 2020, og har ei kostnadseffektiv drift.

Kapitaldekninga pr. 31.03.22 er på 19,6 % og rein kjernekapitaldekning er på 16,8 %.

Banken har ei god kapitaldekning og ein solid marknadsposisjon i Sogn og Fjordane og også ein god vekst på privatmarknaden utanfor Sogn og Fjordane. Utsiktene og marknadsforholda har vore prega av koronapandemien dei siste åra. Dei fleste kundane til banken har klart seg godt gjennom pandemien.

Styret er godt nøgd med banken si resultatutvikling, og meiner at konsernet har eit godt grunnlag for vidare vekst og utvikling.

Førde, 04.05.2022

Sindre Kvalheim
styreleiar

Magny Øvrebø
nestleiar

Monica Rydland

Johnny Haugsbakk

Geir Opseth

Lise Mari Haugen

Marie Heieren

Ole Martin Eide

Trond Teigene
adm. direktør

Resultatrekneskap konsern

TAL I MILL. KRONER	Note	1. kvartal 2022	1. kvartal 2021	2021
Renteinntekter		417	347	1 420
Rentekostnader		160	118	476
Netto renteinntekter		257	229	945
Provisjonsinntekter		36	35	149
Provisjonskostnader		8	5	28
Netto vinst på finansielle instrument		29	14	173
Andre inntekter		6	7	36
Netto andre driftsinntekter	3	63	51	329
Sum inntekter		320	279	1 274
Lønn og andre personalkostnader		64	74	263
Andre kostnader		46	46	182
Av- og nedskrivning, verdiendring og vinst/tap på ikkje-finansielle egedelar		8	10	39
Sum driftskostnader		118	130	483
Resultat før nedskrivning på utlån og netto vinst driftsmidler		203	150	791
Nedskrivning på utlån og garantiar	4	17	- 9	- 37
Resultat før skatt		186	159	827
Skattekostnad		39	36	161
Resultat for perioden		147	123	666
UTVIDA RESULTATREKNESKAP				
Resultat for perioden		147	123	666
Andre innrekna inntekter og kostnader				
Andre resultatelement som ikkje kan bli reklassifisert til resultat, etter skatt				
Estimatavvik pensjon		0	0	0
Sum andre innrekna inntekter og kostnader for perioden, etter skatt		0	0	0
Totalresultat		147	123	666
Totalresultat pr. eigenkapitalbevis (vekta) i heile kr		6,59	5,51	29,91

Balanse konsern

TAL I MILL. KRONER

EIGEDELAR	Note	31.03.22	31.03.21	31.12.21
Kontantar og kontantekvivalentar		19	21	22
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar/sentralbankar	13	997	571	717
Utlån til kundar	4-7, 13	57 859	54 782	57 344
Sertifikat og obligasjonar til verkeleg verdi		7 123	7 416	6 603
Finansielle derivat		315	249	185
Aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning		762	662	765
Investering i tilknytt selskap		3	3	3
Immaterielle eigedelar og goodwill		23	35	26
Varige driftsmidlar		95	95	92
Utsett skattefordel		11	889	11
Andre eigedelar		116	30	40
Sum eigedelar		67 323	63 864	65 808
GJELD OG EIGENKAPITAL				
Gjeld til kredittinstitusjonar	13	804	1 506	500
Innskot frå og gjeld til kundar	8, 13	33 226	30 828	32 536
Verdipapirgjeld	9, 13	25 397	24 523	25 335
Finansielle derivat		378	176	121
Betalbar skatt		40	96	172
Anna gjeld og avsetningar		671	415	294
Ansvarleg lånekapital		602	601	602
Sum gjeld		61 118	58 147	59 559
Eigarandelskapital	12	4 416	4 139	4 416
Grunnfondskapital		645	593	645
Annan eigenkapital		793	636	650
Hybridkapital		350	350	350
Foreslått avsett til utbytte og gåver		0	0	187
Sum eigenkapital		6 204	5 717	6 249
Sum gjeld og eigenkapital		67 323	63 864	65 808

Førde, 04.05.2022

Sindre Kvalheim
styreleiar

Magny Øvrebø
nestleiar

Monica Rydland

Johnny Haugsbakk

Geir Opseth

Lise Mari Haugen

Marie Heieren

Ole Martin Eide

Trond Teigene
adm. direktør

Kontantstrømoppstilling konsern

	31.03.22	31.03.21	31.12.21
Resultat før skatt	186	159	827
Auke/(reduksjon) i innskot frå kundar	690	163	1 871
Reduksjon/(auke) i utlån til kundar	- 627	- 295	- 2 873
Av- og nedskrivning	8	10	39
Nedskrivning på utlån og garantiar	17	- 9	- 37
Tap/(vinst) avgang varige driftsmidlar	0	0	2
Betalt skatt	- 170	- 60	- 120
Andre ikkje kontanttransaksjonar	- 61	- 95	- 163
Justering for andre postar	241	104	199
A) Netto likviditetsendring frå operasjonelle driftsaktivitetar	284	- 24	- 255
Reduksjon/(auke) i aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning	3	- 5	- 108
Reduksjon/(auke) i plassering i sertifikat og obligasjonar	- 541	- 906	- 106
Investering i varige driftsmidlar, immaterielle eigedelar og goodwill	- 12	- 8	- 35
Sal av varige driftsmidlar	0	0	1
B) Netto likviditetsendring frå investeringsaktivitetar	- 549	- 919	- 249
Auke/(reduksjon) i lån frå kredittinstitusjonar	304	- 297	- 1 302
Auke/(reduksjon) i verdipapirgjeld	239	1 461	2 297
Auke/(reduksjon) i ansvarleg lånekapital	0	0	0
Utbytte og gåveutbetalingar	- 1	- 1	- 122
C) Netto likviditetsendring i finansieringsaktivitetar	542	1 163	872
D) Netto endring likvidar i året (A+B+C)	277	221	368
Likviditetsbeholdning inngåande behaldning	739	371	371
Likviditetsbeholdning utgåande behaldning	1 016	592	739
Spesifikasjon av likviditetsbeholdning			
Kontantar og kontantekvivalentar	19	21	22
Innskot i andre finansinstitusjonar og sentralbankar	997	571	717
Sum	1 016	592	739

Eigenkapitaloppstilling konsern

EIGARANDELSKAPITAL

	Eigen- kapital- bevis	Ut- javn- ings- fond	Over- kurs	Grunn- fonds- kapital	Hybrid- kapital	Fond for ureali- sert vinst	Annan eigen- kapital	Avsett utbytte og gåver	Sum
Balanse 31.12.20	1 948	2 175	16	593	350	354	163	129	5 727
Vedteken utdeling av utbytte og gåver	0	0	0	0	0	0	0	- 129	- 129
Endring hybridkapital	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Renter hybridkapital- investorar	0	0	0	0	- 4	0	0	0	- 4
Resultat for perioden med foreslått disponering	0	0	0	0	4	0	119	0	123
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balanse 31.03.21	1 948	2 175	16	593	350	354	282	0	5 717
Balanse 31.12.20	1 948	2 175	16	593	350	354	163	129	5 727
Vedteken utdeling av utbytte og gåver	0	0	0	0	0	0	0	- 129	- 129
Endring hybridkapital	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Renter hybridkapital- investorar	0	0	0	0	- 15	0	0	0	- 15
Resultat for perioden med foreslått disponering	0	277	0	53	15	100	33	187	666
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balanse 31.12.21	1 948	2 452	16	645	350	454	196	187	6 249
Balanse 31.12.21	1 948	2 452	16	645	350	454	196	187	6 249
Vedteken utdeling av utbytte og gåver	0	0	0	0	0	0	0	- 187	- 187
Endring hybridkapital	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Renter hybridkapital- investorar	0	0	0	0	- 4	0	0	0	- 4
Resultat for perioden med foreslått disponering	0	0	0	0	4	0	143	0	147
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balanse 31.03.22	1 948	2 452	16	645	350	454	339	0	6 204

Eigenkapitaloppstilling konsern, framhald

Forklaringa av dei ulike eigenkapitalsfonda:

Eigarandelskapital:

Eigarandelskapital omfattar kapital som etter vedtektene er knytt til eigenkapitalbevis. Eigarandelskapitalen sin del av resultatet etter skatt, etter frådrag av utbytte og forholdmessig del av renter til hybridkapitalinvestorar blir tilført utjamningsfondet i forhold til eigarbrøken. Utjamningsfondet kan nyttast til å oppretthalde utbytte til eigarandelbeviseigarane, når det er forsvarleg å dele ut utifrå eigenkapitalsituasjonen.

Grunnfondskapital:

Grunnfondskapital omfattar kapital som ikkje er eigarandelskapital. Grunnfondskapitalen sin del av resultatet etter skatt, etter frådrag av avsetning til gåver og forholdsmessig del av renter til hybridkapitalinvestorar, blir tilført grunnfondskapitalen.

Hybridkapital:

Hybridkapital omfattar fondsobligasjon som tilfredstiller krava til å bli definert som eigenkapital og kjernekapital, i forhold til kapitaldekningsreglane. Renter for hybridkapitalen blir fordelt på utjamningsfondet og grunnfondskapitalen etter eigarbrøken og i praksis disponert saman med resultatet.

Fond for urealisert vinst:

Fond for urealisert vinst elles betår av urealisert vinst frå finansielle instrument, der det er ulik verdivurdering mellom IFRS og norske rekneskapsreglar. Mellom anna er urealisert vinst frå aksjar inkludert her.

Annan eigenkapital:

Annan eigenkapital består av opptent overskot frå ulike dotterselskap og udisponert resultat.

Utbytte og gåver:

Forslag til utbytte og gåver står som ein del av eigenkapitalen inntil dei er vedtekne av Generalforsamlinga.

Notar til rekneskapen

Note 1 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

GRUNNLAG FOR PRESENTASJON

Morbank- og konsernrekneskapen for Sparebanken Sogn og Fjordane er utarbeidd i samsvar med internasjonale rekneskapsstandardar (IFRS). Delårsrekneskapen er presentert i samsvar med IAS 34 «Delårsrapportering». Alle tal er oppgitt i mill. kr, dersom ikkje anna er oppgitt.

GENERELT

For meir informasjon om rekneskapsprinsipp og informasjon om rekneskapsestimat viser vi til årsrapporten for 2021, for Sparebanken Sogn og Fjordane på banken sine nettsider: www.ssf.no.

ENDRINGAR I REKNESKAPSSTANDARDAR

Det er ikkje endringar i rekneskapsstandardar eller tolkingar i 2022, som har fått effekt for rekneskapen til Sparebanken Sogn og Fjordane.

Note 2 Segmentrapportering

Geografiske segment

Alle segment opererer i Norge.

Allmenn informasjon om segment

Segmenta er gruppert slik som føretaket er organisert.

Finans

- Har ansvar for finansiering og likviditetsstyring

Bedriftsmarknad/offentleg/finans

- Tilbyr eit breitt spekter av finansielle produkt og tenester, som ulike typar finansiering, innskot, plasseringar, forsikring, valuta og renteprodukt til små og mellomstore bedrifter, offentleg sektor og finansiell sektor

Privatmarknad inkl. Bustadkreditt

- Tilbyr eit breitt spekter av finansielle produkt og tenester, som ulike typar finansiering, innskot, plasseringar, forsikring, valuta og renteprodukt til privatkundar

Andre

- Består av leveransar av tenester til m.a. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og forvaltning av enkelte eigedomar

Eigedomsmekling

- Tilbyr meklingstenester ved kjøp og sal av eigedomar

Bankeigedom

- Forvaltar dei største eigedomane til konsernet

Note 2 Segmentrapportering, framhald

	Sum	Finans	Bedrifts- marknad/ Off./Fin.	Privat- marknad inkl. Bustad- kreditt	Andre	Eige- doms- mekling	Bank- eige- dom	Elimi- nerte postar
RESULTAT 31.03.22								
Netto rente- og kreditt- provisjonsinntekter	257	1	103	154	0	0	0	0
Netto andre driftsinntekter	63	24	15	21	1	5	2	- 5
Sum driftsinntekter	320	25	117	174	1	5	2	- 4
Driftskostnader	118	4	36	72	3	7	0	- 4
Resultat før nedskrivning på utlån	203	21	82	102	- 2	- 2	1	0
Netto vinst på varige driftsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0
Nedskrivning på utlån og garantiar	17	0	16	1	0	0	0	0
Resultat før skatt	186	21	66	102	- 2	- 2	1	0
BALANSE 31.03.22								
Netto utlån til og krav på kundar	57 859	0	13 447	44 412	0	0	0	0
Andre egedelar	9 464	12 097	1 741	2 636	0	21	42	- 7 072
Sum egedelar	67 323	12 097	15 188	47 048	0	21	42	- 7 072
Innskot frå og gjeld til kundar	33 226	0	12 799	20 447	0	0	0	- 19
Anna gjeld	27 892	9 509	133	23 482	0	7	6	- 5 244
Eigenkapital (inkl. resultat for perioden)	6 204	2 588	2 256	3 120	0	14	35	- 1 809
Sum gjeld og eigenkapital	67 323	12 097	15 188	47 048	0	21	42	- 7 072

	Sum	Finans	Bedrifts- marknad/ Off./ Fin.	Privat- marknad inkl. Bustad- kreditt	Andre	Eige- doms- mekling	Bank- eige- dom	Elimi- nerte postar
RESULTAT 31.03.21								
Netto rente- og kreditt- provisjonsinntekter	229	2	88	138	0	0	0	0
Netto andre driftsinntekter	51	9	14	21	1	7	2	- 4
Sum driftsinntekter	279	11	103	160	1	7	2	- 4
Driftskostnader	130	4	39	82	1	7	0	- 4
Resultat før nedskrivning på utlån	150	7	63	77	0	0	2	0
Netto vinst på varige driftsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0
Nedskrivning på utlån og garantiar	- 9	0	1	- 10	0	0	0	0
Resultat før skatt	159	7	63	87	0	0	1	0
BALANSE 31.03.21								
Netto utlån til og krav på kundar	54 782	0	13 224	41 558	0	0	0	0
Andre egedelar	9 082	12 050	715	2 062	0	22	48	- 5 815
Sum egedelar	63 864	12 050	13 939	43 620	0	22	48	- 5 815
Innskot frå og gjeld til kundar	30 828	0	11 734	19 119	0	0	0	- 25
Anna gjeld	27 319	9 669	126	21 488	0	7	8	- 3 979
Eigenkapital (inkl. resultat for perioden)	5 717	2 381	2 078	3 013	0	15	40	- 1 811
Sum gjeld og eigenkapital	63 864	12 050	13 939	43 620	0	22	48	- 5 815

Note 2 Segmentrapportering, framhald

	Sum		Bedrifts-	Privat-		Eige-	Bank-	Elimi-
	konsern	Finans	marknad/ Off./ Fin.	marknad inkl. Bustad- kreditt	Andre	doms- mekling	eige- dom	nerte postar
RESULTAT 31.12.21								
Netto rente- og kreditt- provisjonsinntekter	945	- 8	373	580	0	0	0	0
Netto andre driftsinntekter	329	156	57	88	4	33	8	- 17
Sum driftsinntekter	1 274	148	429	668	4	33	8	- 17
Driftskostnader	483	14	147	293	11	31	3	- 16
Resultat før nedskrivning på utlån	791	134	283	375	- 7	2	5	- 1
Netto vinst på varige driftsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0
Nedskrivning på utlån og garantiar	- 37	0	- 40	3	0	0	0	0
Resultat før skatt	827	134	323	372	- 7	2	5	- 1
BALANSE 31.12.21								
Netto utlån til og krav på kundar	57 344	0	13 647	43 697	0	0	0	0
Andre egedelar	8 464	11 408	1 296	1 437	0	25	51	- 5 754
Sum egedelar	65 808	11 408	14 943	45 134	0	25	51	- 5 754
Innskot frå og gjeld til kundar	32 536	0	12 507	20 061	0	0	0	- 32
Anna gjeld	27 023	8 916	163	21 841	0	8	8	- 3 913
Eigenkapital (inkl. resultat for perioden)	6 249	2 492	2 273	3 232	0	17	43	- 1 808
Sum gjeld og eigenkapital	65 808	11 408	14 943	45 134	0	25	51	- 5 754

Note 3 Andre driftsinntekter

	31.03.22	31.03.21	31.12.21
NETTO PROVISJONSINNTEKTER			
Betalingsformidling	16	14	65
Verdipapiromsetnad	7	6	26
Garantiprovisjon	3	4	16
Valutaforretningar og utanlandsbetaling	1	1	5
Forsikringstenester	4	6	21
Andre provisjonsinntekter	5	4	16
Sum gebyr og provisjonsinntekter	36	35	149
Interbankprovisjon	0	0	1
Betalingsformidling	6	4	21
Cash back Visa kreditt	2	1	7
Sum provisjonskostnader	8	5	28
Netto provisjonsinntekter	29	30	121
NETTO VINST/TAP PÅ FINANSIELLE INSTRUMENT			
Netto vinst på valuta	5	4	15
Netto vinst på finansielle derivat	- 122	- 97	- 87
Netto vinst på utlån til verkeleg verdi	- 95	- 52	- 96
Netto vinst på innskot til verkeleg verdi	- 1	0	1
Netto vinst på sertifikat og obligasjonar	- 20	4	- 8
Netto vinst på aksjar	24	8	152
Netto vinst på finansiell gjeld	237	147	195
Netto vinst på finansielle instrument til verkeleg verdi	29	14	173
ANDRE INNTEKTER			
Eigedomsinntekter	0	0	1
Eigedomsmekling	5	7	33
Andre driftsinntekter	0	0	2
Sum andre inntekter	6	7	36
SUM NETTO ANDRE DRIFTSINNTEKTER	63	51	329

Note 4 Resultatførte tap på utlån, garantiar og unytta trekkrettar

	1. kv. 2022	1. kv. 2021	2021
Auke/reduksjon i individuell nedskrivning	15	- 2	3
Auke/reduksjon i modellbasert forventa tap	3	- 8	- 53
Konstaterte tap i perioden dekt av tidlegare nedskrivning	0	1	15
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare individuelle nedskrivningar	0	0	3
Inngang på tidlegare års konstaterte tap	- 1	- 1	- 4
Resultat av nedskrivning for perioden	17	- 9	- 37

Note 5 Nedskrivning på utlån og eksponeringar

Ved berekning av forventa tap blir låna delt inn i tre trinn i samsvar med krava i IFRS 9. Når eit lån blir innrekna vil det som hovudregel inngå i trinn 1. Dersom engasjementet har hatt ein vesentleg auke i kredittrisikoen sidan det vart innrekna første gongen, blir det overført til trinn 2. Misleghaldne engasjement blir allokert til trinn 3. Der det er gjort ei individuell nedskrivning, vil dette overstyre dei modellberekna tapa på engasjementet. Individuell nedskrivning inngår i nedskrivningar i trinn 3.

Konsern

2022

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 01.01.22	35	69	196	300
Overføringar til trinn 1	2	- 5	- 3	- 6
Overføringar til trinn 2	- 1	12	0	11
Overføringar til trinn 3	0	- 3	12	9
Nye finansielle eigedelar utsteda eller kjøpt	3	6	0	9
Finansielle eigedelar som er frårekna	- 1	- 3	- 1	- 6
Endring i modell- og makroparametere	- 1	- 4	0	- 6
Konstanterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning	0	0	0	0
Andre endringar	- 2	5	4	6
Nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 31.03.22	34	77	206	317
Nedskrivning på utlån til verkeleg verdi pr. 31.03.22	1	2	5	7
Samla nedskrivning på utlån pr. 31.03.22	35	78	211	324
<i>Herav til personmarknad</i>	<i>8</i>	<i>9</i>	<i>20</i>	<i>37</i>
<i>Herav til næring og offentleg forvaltning</i>	<i>27</i>	<i>70</i>	<i>191</i>	<i>287</i>

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 01.01.22	4	9	3	15
Endring i perioden	0	- 2	- 1	- 2
Nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 31.03.22	4	7	2	13
<i>Herav til personmarknad</i>	<i>1</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>1</i>
<i>Herav til næring og offentleg forvaltning</i>	<i>3</i>	<i>7</i>	<i>2</i>	<i>12</i>

Note 5 Nedskrivning på utlån og eksponeringar, framhald

2021	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 01.01.21	42	123	179	344
Overføringar til trinn 1	1	- 7	- 1	- 6
Overføringar til trinn 2	- 2	10	- 5	3
Overføringar til trinn 3	0	- 2	4	3
Nye finansielle egedelar utsteda eller kjøpt	2	4	1	7
Finansielle egedelar som er frårekna	- 3	- 21	- 3	- 28
Endring i modell- og makroparametere	1	0	0	1
Konstanterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning	0	0	- 1	- 1
Andre endringar	- 2	3	4	5
Nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 31.03.21	39	111	178	328
Nedskrivning på utlån til verkeleg verdi pr. 31.03.21	1	2	6	8
Nedskrivning på utlån pr. 31.03.21	40	112	184	336
<i>Herav til personmarknad</i>	6	6	15	27
<i>Herav til næring og offentleg forvaltning</i>	34	106	168	309
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 01.01.21	6	12	8	25
Endring i perioden	- 1	1	6	6
Nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 31.03.21	5	13	13	31
<i>Herav til personmarknad</i>	1	0	0	1
<i>Herav til næring og offentleg forvaltning</i>	4	13	13	31

Framtidig scenario i modell for nedskrivning etter IFRS9

Nedskrivningar skal ifølge IFRS9-regelverket ta inn forventning om framtidig utvikling i mislighald og tap. Banken brukte i 2018 og 2019 ein statistisk modell for å beskrive samanhengen mellom venta utvikling i makro-økonomiske parametrar og framtidig mislighaldsnivå i banken. Koronapandemien førte til så store svingingar i makroøkonomiske variablar som inngår som forklaringsvariablar i modellen, at modellen ikkje lenger var egna til å predikere framtidig mislighald. Det er difor gjort kvalitative vurderingar av forventa utvikling i mislighaldsnivå og bustadpriser 5 år fram i tid, med bakgrunn i erfaringar frå tidligare kriser, dei langsiktige forventningane til utviklinga før koronakrisa og utsikter i Norges Banks Pengepolitiske rapport. Forventa tap blir berekna ved ei vekting av tapsresultatet frå 3 ulike scenario, sjå under.

Framtidig scenario for privatmarknad frå berekning av forventa tap pr. 31.03.22	Misleghaldsnivå/PD målt med utgangspunkt pr. 31.03.22					Bustadprisar	
	År 1	År 2	År 3	År 4	År 5	Gj. sn. årleg vekst	Vekting av scenario
Scenario 1: Optimistisk scenario privatmarknad	1,53	1,70	1,87	1,87	1,70	3,0 %	25 %
Scenario 2: Venta scenario privatmarknad	1,80	2,00	2,20	2,20	2,00	2,0 %	50 %
